

Molde kommune



FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Molde, 7. des. 2022

Retiroskogen - utbyggingsplanar

Vi er blitt orientert om at det no er sendt eit nabovarsel frå Angvik Prosjektering, på oppdrag for Molde fotball AS, om utviding og oppgradering av fotballbanen og med ein høyringsfrist på 14 dagar.

FNF Møre og Romsdal meiner at Molde kommune må avslå søknaden om dispensasjon for ei utviding av fotballbanen inn i Retiroskogen og avvente kva det pågåande reguleringsplanarbeidet endar opp med.

I søknaden om dispensasjon frå gjeldande plan blir det mellom anna uttalt; «I forslag til ny reguleringsplan for området, Detaljregulering for Retiro, vil det omsøkte arealet bli liggende inn under formålet idrett. Det foreligger også en avtale om erverv av området mellom Molde Fotball AS og Molde kommune.»

Det ålmenne engasjementet for å ta vare på Retiroskogen er stort. Vi var ein av fleire som meldte inn synspunkt i den retninga når reguleringsplana for Retiroskogen var til høyring. I vår uttale av 11.11.2021 sa vi at Retiroskogen er verdifull både utfrå omsynet til natur, friluftsliv og kultur og at kommunen må sikre skogen mot utbygging ein gong for alle med å sikre den som friluftsområde.

Det er difor for oss pussig at det no blir vist til i søknaden at arealet er avsatt til føremål idrett og at arealet er avtala erverva av ein utbyggjar. Så langt vi veit er jo ikkje dette bestemt i det heile, subsidiært vil vi gjerne bli informert om slike planer og avtaler.



Det kan ikkje vere rett at ein part forskotterer kva reguleringsplana for Retiroskogen ender opp med – dette får folk til å miste respekten for planlegging, demokrati og likebehandling. På dette grunnlag meiner vi at Molde kommune må avslå søknaden om dispensasjon for ei utviding av fotballbanen inn i Retiroskogen.

helsing

Ingbjørn Bredeli

Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

